

# Kva er framtidas bustader langs Sognefjorden?

26. mars 2019 kl 10-14 Quality Hotel Sogndal

Bustadnettverket for Sogn (Sogn regionråd) arrangerer ei dagsamling for kommunane og byggenæringa der vi drøftar framtidens bustadformer. Målet med samlinga er å førebu seg på at bustadmarknaden er i endring og at innbyggarane har og får, andre bustadbehov enn tidlegare. Målgruppa er planleggarar i kommunane, politikarar, rådmenn, byggenæringa og arkitekt-/ingeniørselskap. Innleiarar på samlinga er:



**Sjefsarkitekt og byplanleggar i Arendal, Michael Fuller-Gee**, kjem for å snakke om «bukvalitet og buformer for barnefamiljar». Michael er ein av dei meste etterspurde foredragshaldarane innan samfunnsplanlegging. Hans foredrag treff behov for barn, unge og eldre i eit større perspektiv og utfordrar til grep som fremmer folkehelse og meir berekraftige løysingar.



**Dagleg leiar i Gravdalgruppa as Bodil Kidøy Lunde** kjem for å presentere sitt bustadprosjekt ZIK-ZAK i Førde som er inspirert av buforma «cohousing»: Kvar bebuar har sin eigen private bustad, i tillegg til gode sosiale fellesområde. Gravdalgruppa as er ein stor aktør i bustadbygginga i Sogn og Fjordane. Bodil tek utgangspunkt i prosjektet ZIK-ZAK, og så vil ho fortelje om eit heilt nytt prosjekt som dreg konseptet ZIK-ZAK endå lengre.



**Arkitekt Gøran Johansen** kjem for å snakke om minihusprosjekt i Aurland. Han har bygd seg eit hus i sentrum av Aurland på 19 kvadratmeter. Grunnen forklarar han slik: «Eg ville utforske moglegheita for å bu på ein meir økonomisk, miljøvenleg og fleksibel måte. Eg ville også utfordra den eksisterande bustad-paletten og finne ei løysing som stettar nye behov, no og i framtida.»



**Reiselivsdirektør Ståle Brandshaug i Visit Sognefjord** kjem for å snakke om at «ein god stad å bu er ein god stad å besøkje». VISIT SOGNEFJORD er i gang med å utarbeide ein masterplan for reiselivet i Sogn. Målet er å sikre ei reiselivsutvikling som er berekraftig både for innbyggarar og besøkjande. Koordinering med kommunane sitt plan- og utviklingsarbeid er heilt sentralt.

Påmelding innan 19. mars gjer du på denne linken:

<http://pamelding.sogn.regionraad.no/nyPaamelding.aspx?Id=110>

Ved spørsmål kontakt Arne Kringlen, tlf 95 11 78 75, [Arne.Kringlen@norconsult.com](mailto:Arne.Kringlen@norconsult.com)



SOGN REGIONRÅD